



# DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

*Kommunal- og moderniseringsministeren*

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-277

20. juni 2019

## **Vedtak om grensejustering mellom kommunane Rauma og Vestnes**

Eg viser til brev 28. mai frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Rauma og Vestnes for området Vågstranda.

### **Bakgrunn**

Departementet gav 1. mars 2019 fylkesmannen i oppdrag å utgreie grensejustering på bakgrunn av eit innbyggjarinitiativ frå Vågstranda Vel i Rauma kommune datert 27. juni 2016. I søknaden frå Vågstranda Vel blei det vist til ei innbyggjarundersøking blant alle innbyggjarar over 16 år med postadresse Vågstranda. Deltaking i undersøkinga var 88 prosent, og 75 prosent av dei spurde ønsker å søke om ei grensejustering frå Rauma til Vestnes kommune.

Vågstranda Vel viser i søknaden til at opninga av Tresfjordbrua i 2015 har gjort at innbyggjarar frå Vågstranda får betydeleg kortare reisetid til kommunesenteret i Vestnes enn i Rauma kommune, og at dei fleste yrkesaktive på Vågstranda har sitt arbeid i Vestnes kommune og vidare vestover på Sunnmøre. Vågstranda Vel viser også til at mange av innbyggjarane i Vågstranda brukar offentlege og private tenester i Vestnes, til dømes fastlegetenesta, og at det er eit nært fellesskap om utmarksressursane mellom Vågstranda og Daugstad og Vikebukt i Vestnes kommune.

Området Vågstranda omfattar dei to grunnkrinsane Hjelvik og Våge. Det bur til saman 442 innbyggjarar i dei to krinsane, noko som er knapt seks prosent av innbyggjarane i Rauma. Det aktuelle området utgjer knapt 4 prosent av landarealet i Rauma kommune.

I ei innbyggjarhøyring gjennomført i april 2019, er det eit fleirtal som er positive til å bli ein del av Vestnes kommune (66 prosent). 23 prosent ønsker å bli i Rauma kommune.

### **Fråsegner frå kommunane**

Rauma kommunestyre gjorde 23. mai 2019 følgjande vedtak:

- 1. En overføring av Hjelvik og Våge til Vestnes vil selvsagt ha fleire negative konsekvenser for resten av Rauma kommune. Rauma kommune vil likevel respektere flertallet i innbyggerundersøkelsen som ønsker en grensejustering, og vil derfor ikke motsette seg at det blir gjennomført.*
- 2. Departementet sin endelege konklusjon i saka har innverknad på utvikling av det kommunale tenestetilbodet i området og Rauma kommune ønskjer av den grunn ei rask avklaring i saka.*

Vestnes Kommunestyre gjorde 23. mai 2019 følgjande vedtak:

- 1. Vestnes kommunestyre rår til at det blir gjennomført ei grensejustering slik at grunnkrinsane Hjelvik og Våge i Rauma kommune blir overførte til Vestnes kommune.*
- 2. Vestnes kommunestyre ønskjer innbyggjarane i Hjelvik og Vågstranda hjarteleg velkomne som innbyggjarar i Vestnes kommune*

### **Fylkesmannens vurdering**

Fylkesmannen tilrår ei grensejustering, slik at Vågstranda blir flytta frå Rauma kommune til Vestnes kommune frå 1. januar 2021.

I tilrådinga legg fylkesmannen stor vekt på resultatet frå innbyggjarhøyringa, som etter fylkesmannens vurdering viser eit klart og tydeleg fleirtal for overflytting til Vestnes kommune. Vidare legg fylkesmannen stor vekt på at ei grensejustering vil gi ein funksjonell kommunestruktur som tek omsyn til at nye kommunikasjonstilhøve gjer at innbyggjarane kan få kommunale tenester med kortare reisetid enn til dagens kommunesenter. Fylkesmannen ser i den samanheng at det er ein fordel at innbyggjarane får røysterett og høve til å påverke i den kommunen dei nyttar kommunale tenester. Kortare reiseveg til kommunesenteret gjer det også meir naturleg at innbyggjarane i større grad orienterer seg mot Vestnes kommune når det gjeld arbeid, bustad, handel, kulturtilbod og andre tenester.

Fylkesmannen vurderer at dei økonomiske konsekvensane som følgjer av den tilrådde grensejusteringa, er innanfor det som er forventa løyst gjennom oppgjeret som skal skje mellom kommunane og den framtidige utjamninga av inntekter og utgifter.

Fylkesmannen tilrår at den nye kommunegrensa følgjer Kartverket si anbefaling om ei topografisk grense:

*Kommunegrensa i Romsdalsfjorden følgjer generalisert midtlinje. Kommunegrensa følgjer eksisterande eigedomsgrenser og elv opp berget Stolsvaet så langt dei er registrerte. På snaufjellet følgjer kommunegrensa topografiske forhold slik: Frå Stolssvaet går grensa i rett linje til høgaste punkt 1111 moh på fjellet Blåstolen. Derifrå går grensa i rett linje til*

*høgdepunkt 933 moh på fjellet Littleheikollen. Grensa går så i rett linje til åsen Prosten og høgdepunkt 1236 moh. Vidare i rett linje til grensa støytar mot eksisterande kommunegrense mellom Rauma og Vestnes kommunar på Venåsdalstinden, sørvest for Svartevatnet. Grensa kan kvalitetshevast i tråd med betre kartlegging av dei topografiske forholda.*

### **Departementets vurdering**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6 første punktum.

Departementet konstaterer at det juridiske grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane i inndelingslova om saksførebuing i kapittel III.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding.

Departementet meiner fylkesmannen har levert ei utgreiing som i tilstrekkeleg grad opplyser saka slik at den kan avgjerast.

Inndelingslova § 6 inneheld ingen nærmare kriterier eller vilkår for departementets vurdering. § 1, som gjeld formålet med lova, gir likevel visse overordna rammer for departementets skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) s. 55. Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje "*innanfor ramma av det nasjonale fellesskap*", "*sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning*" og "*skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredstillande tenester og forvaltning*". Vidare framgår det at lova skal "*byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar*". Dette inneber at departementet må gjere ei konkret og heilskapleg vurdering, der fleire moment vil vere relevante. Departementet har eit vidt rom for skjønn i vurderinga av om det skal gjennomførast ei grenseendring eller ikkje.

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst bør vere ein reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønstre og bruk av kommunale tenester. For at ei grensejustering skal bli vedtatt, bør den bidra til å redusere utfordringar for innbyggjarane det gjeld, til dømes gi kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar.

I denne saka har kommunestyra i begge kommunar gjort vedtak om at grensejusteringa kan gjennomførast. Fylkesmannen tilrår på bakgrunn av utgreiinga at Vågstranda blir flytta til Vestnes kommune, da grensejusteringa vil gi ein funksjonell kommunestruktur som tek omsyn til nye kommunikasjonstilhøve og gir innbyggjarane røysterett og høve til å påverke i den kommunen dei nyttar kommunale tenester. Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan ikkje sjå at det er nokon moment i saka som er så tungtvegande at kommunane sine vedtak og fylkesmannens tilråding ikkje skal følgast.

### **Vedtak**

Med bakgrunn i utgreiinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom kommunane Rauma og Vestnes

blir justert slik at Vågstranda blir flytta til Vestnes kommune. Den nye grensa skal følgje Kartverket si anbefaling om ei topografisk grense, der kommunegrensa i Romsdalsfjorden følgjer generalisert midtlinje. Kommunegrensa følgjer eksisterande eigedomsgrenser og elv opp berget Stolsvaet så langt dei er registrerte. På snaufjellet følgjer kommunegrensa topografiske forhold slik: Frå Stolssvaet går grensa i rett linje til høgaste punkt 1111 moh på fjellet Blåstolen. Derifrå går grensa i rett linje til høgdepunkt 933 moh på fjellet Litleheikollen. Grensa går så i rett linje til åsen Prosten og høgdepunkt 1236 moh. Vidare i rett linje til grensa støytar mot eksisterande kommunegrense mellom Rauma og Vestnes kommunar på Venådalstinden, sørvest for Svartevatnet. Grensa kan kvalitetshevast i tråd med betre kartlegging av dei topografiske forholda.

Den nye kommunegrensa trer i kraft frå 1. januar 2021.

Eit vedtak om grenseendring er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) punkt. 5.1. Vedtaket er derfor endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

#### **Konsekvensar av vedtak**

Reglane om økonomisk oppgjer mellom kommunane er å finne i inndelingslova kap. V, jf. Rundskriv H-1015.

Dette vedtaket går i kopi til Møre og Romsdal fylkeskommune, Skattedirektoratet, Statens kartverk, Statistisk sentralbyrå, samt Justisdepartementet og Kulturdepartementet for oppfølging og informasjon til etatar det angår (t.d. bispedøme og Politidirektorat).

Med helsing



Monica Mæland

Kopi

Justis- og beredskapsdepartementet  
Kartverket  
Kulturdepartementet  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Skattedirektoratet  
Statistisk sentralbyrå

## Adresseliste

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES